

Høyringsvar

Vi viser til høyringa om det offentlege grunnskuletilbodet i Lesja kommune.

Som foreldre har vi allereie erfart konsekvensane av at ungdomstrinnet vart flytta frå Lesjaskog til Lesja skule. For mange elevar har dette ført til lengre dagar, meir tid på buss og ei svekt tilknytning til nærmiljøet. Dette gjorde at vi måtte tenkje nytt – og difor tok vi initiativ til å etablere ein friskule for å ta vare på eit heilskapleg 1.–10.-tilbod i bygda vår.

Kommunen peikar på fleire moglege negative konsekvensar ved å leggje ned den offentlege skulen på Lesjaskog, mellom anna redusert elevgrunnlag, svekt profesjonsfellesskap, mindre moglegheit for tolærarordning og auka kostnader knytte til organisering og skyss. Det blir òg uttrykt uro for oppsplitting av elevmiljøet og konsekvensar for det samla offentlege tilbodet.

Samtidig vurderer Utdanningsdirektoratet desse forholda i stor grad som handterbare, eller som styrkjande ved etableringa. Mindre elevgrupper og fådeling blir framheva som pedagogiske fordelar, med tettare oppfølging og betre relasjonar. Friskulen bidreg til mangfald og reelle valmoglegheiter, og styrkjer nærskuleprinsippet ved at barn kan gå på skule i sitt eige lokalmiljø.

Frå vårt ståstad handlar dette først og fremst om kvardagen til barna: tryggleik, tilhøyrslø og stabilitet. Ein 1.–10.-skule på Lesjaskog vil gje kontinuitet i oppveksten, mindre tid på buss og sterkare tilknytning til nærmiljøet.

Vidare vil vi understreke:

- Lesja kommune vil spare betydelege summar årleg
- Dette er noko innbyggjarane ønskjer – tydeleg vist gjennom spørjeundersøkingar, andelskjøp, fråsegner til UDIR og gode søkjartal
- Elevane får eit heilskapleg 1.–10.-tilbod i sitt nærmiljø
- Skulen har ein tydeleg verdiprofil som mange kan identifisere seg med
- Erfaringar frå andre bygder viser vekst og utvikling etter etablering av lokalt forankra friskular
- Skulen kan bli eit samlingspunkt for heile bygda, prega av dugnadsånd, skaparglede og fellesskap

Vi meiner difor at etableringa av Fjellnær friskule ikkje svekkjer, men snarare supplerer og styrkjer det samla skuletilbodet i Lesja kommune – både fagleg, sosialt og for lokalsamfunnet.

Med venleg helsing

Aasta K. Bjorli Bjølverud og Amund Bjølverud